

**GRØNE BYAR**

**LEVANDE BYDELAR**

**SMÅ FORSKJELLAR**

**Program for Oslo Senterparti**  
**2015–2019**

- **Samhalds-Oslo, ikkje Marknads-Oslo**
- **Eit grønarare Oslo**
- **Oslo for alle**
- **Eit desentralisert Oslo**

### Kva er Senterpartiet?

Senterpartiet er eit grønt alternativ til både dei blå og dei raude partia i norsk politikk. Vi er ideologisk forankra i trua på det frie, myndige mennesket, folkestyret og solidaritet med kommande generasjonar. Senterpartiets visjon for gode samfunn føreset ei rettferdig fordeling av samfunnsressursane nasjonalt og globalt. Senterpartiets politikk føreset ein velfungerande blandingsøkonomi der staten legg rammer for marknadskreftene gjennom lovgiving og skattlegging. Det er summen av det vi gjer i fellesskap og det vi gjer som enkeltmenneske, som avgjer om vi lykkast i å skape eit samfunn med grønne byar, levande bydelar og små forskjellar. Senterpartiet jobbar for eit grønt, inkluderande og mangfaldig Oslo.

# Innhold i programmet

<u>SAMHALDS-OSLO, IKKJE MARKNADS-OSLO</u>	4
<u>EIT GRØNARE OSLO</u>	4
<u>OSLO FOR ALLE</u>	4
<u>DESENTRALISERING</u>	4
<b><u>KAPITTEL 1 – MEIR MAKT OG PENGAR TIL BYDELANE</u></b>	<b>5</b>
<u>SAMANSLÅING AV OSLO OG AKERSHUS</u>	5
<b><u>KAPITTEL 2 – OPPVEKST OG UTDANNING</u></b>	<b>6</b>
<u>BARNEHAGE</u>	6
<u>AKTIVITETSSKULEN (AKS)</u>	6
<u>SKULE</u>	6
<u>PRØVEORDNING MED FRIVILLIG BUSSING AV ELEVAR I GRUNNSKULEN</u>	7
<u>BARN OG UNGE</u>	7
<u>FRITIDSKLUBBAR</u>	7
<b><u>KAPITTEL 3 – KULTUR OG IDRETT</u></b>	<b>9</b>
<u>KULTUR</u>	9
<u>IDRETT</u>	9
<u>FRIVILLIG SEKTOR</u>	10
<b><u>KAPITTEL 4 – EIT GRØNARE OSLO</u></b>	<b>10</b>
<u>URBANT LANDBRUK OG KORTREIST MAT</u>	10
<u>KLIMA OG MILJØ</u>	11
<u>SAMFERDSEL</u>	11
<b><u>KAPITTEL 5 – SENIORPOLITIKK</u></b>	<b>12</b>
<u>ELDREOMSORG</u>	13
<u>ELDRE INNVANDRARAR</u>	13
<u>ELDRE LESBISKE, HOMOFILE, BIFILE OG TRANSPERSONAR (LHBT)</u>	13
<b><u>KAPITTEL 6 – HELSE OG OMSORG – SOSIALFAGLEG SATSING NO!</u></b>	<b>15</b>
<u>RUSOMSORG</u>	15
<b><u>KAPITTEL 8 – DET DU TRENG, DER DU BUR</u></b>	<b>18</b>
<u>BUSTADBYGGING</u>	18
<u>TRYGGE OG RETTFERDIGE NÆRMILJØ</u>	18
<b><u>KAPITTEL 9 – ARBEID OG NÆRINGSUTVIKLING</u></b>	<b>20</b>
<b><u>KAPITTEL 10 – NY GRORUDDALS-SATSING</u></b>	<b>21</b>

## **Samhalds-Oslo, ikkje Marknads-Oslo**

Oslo Senterparti vil ha eit grønt, moderne, kulturelt og tolerant Oslo der folkevalde i bydelane får meir makt, og der færre fell utanfor. Oslo Senterparti vil at avgjerder skal takast så nær enkeltmenneske og lokalsamfunn som råd. Vi ser innbyggjarane som ansvarsfulle menneske, ikkje berre som kundar i ein marknad. Vi vil utvikle gode fellesskapsløysingar for innbyggjarane i byen. Vi vil styrkje offentlege velferdsordningar i byen, ikkje konkurranseutsette offentlege tenester. **Vi treng eit nytt fleirtal og Senterpartiet i bystyret.**

## **Eit grønarare Oslo**

Oslo skal vere eit førebilete for moderne storbysamfunn som er miljø- og klimatilpassa, bygd på fornybare ressursar og basert på kollektivtrafikk, gang- og sykkelvegar. For å betre bumiljøet treng byen eit transportsystem som minskar luft- og støyproblema. Vi ønskjer ein by der vi tek vare på gardsbruk og villahagar og skaper fleire kolonihagar, parsellar og skulehagar. Her vil det bli produsert mat, og innbyggjarane kan oppleve naturen tett innpå seg.

## **Oslo for alle**

Oslo Senterparti vil ha eit Oslo der folk tek vare på kvarandre og viser kvarandre respekt og omtanke uavhengig av etnisitet, religion, legning, dialekt, kjønn og alder. Oslo skal vere den mest tolerante hovudstaden i Europa. Vi vil ha ein by der folk kjenner tilhøyrsløse uavhengig av bakgrunn. Framfor assimilering treng Oslo ein skikkeleg integreringspolitikk. Vi ønskjer derfor fleire arenaer der folk med forskjellig bakgrunn møtest.

## **Desentralisering**

Senterpartiet vil bygge samfunnet nedanfrå. Derfor går Oslo Senterparti inn for meir makt og pengar til bydelane. Vi er òg tilhengjarar av meir direkte demokrati, for eksempel gjennom lokale folkerøystingar i viktige saker. Vi vil føre ein næringspolitikk for fleire små og mellomstore bedrifter over heile byen. Vi seier eit klart nei til å slå saman sjukehusa i Oslo til eit nytt gigantsjukehus.

# KAPITTEL 1 – MEIR MAKT OG PENGAR TIL BYDELANE

Senterpartiet vil gi enkeltmenneske og lokalmiljø i Oslo sterkare innverknad på eigen kvardag. Vi vil byggje samfunnet nedanfrå og flytte makt tilbake frå byrådet og føretaksstyra, ut til folkevalde i bydelane. Derfor vil Senterpartiet la bydelsutvala disponere ein langt større del av kommunebudsjettet, og ikkje selje ut eigedommane som tilhøyrrer fellesskapet. Byen vår har, med si mangfaldige befolkning, alle føresetnader for å byggje lokalsamfunn som skaper engasjerte, opplyste og tolerante samfunnsborgarar. Alle bydelane skal vere attraktive bustadområde og trygge stader å ferdast i. Desentralisering er verktøyet for å gi bydelane makt til å løyse eigne utfordringar.

## **Senterpartiet vil**

- vurdere om inndelinga i bydelar er føremålstenleg, eller om ein bør gå over til ei organisering i kommunar
- gi bydelane meir reell makt i planarbeidet i byen, som arealplanar og kommunedelplanar, idrett og fritid pluss helse- og sosialpolitikk
- leggje betre til rette for ad hoc-organisasjonar, nabolags- og velforeiningar, og for at desse blir viktige høyringsinstansar i saker som gjeld lokalmiljøet
- rekommunalisere tenester som er privatiserte eller sette ut på anbod og gi bydelane større ansvar for desse tenestene
- halde på det kommunale eigarskapet til Oslos infrastruktur, eigedommar og vass- og avløpsnett
- seie nei til sal av Hafslund – fellesskapets naturressursar skal komme folket til gode og framleis vere i folkets eige

## **Samanslåing av Oslo og Akershus**

Oslo og Akershus er i dag ein samanhengande bu- og arbeidsregion. Det er allereie eit omfattande samarbeid mellom fylka om areal og kollektivtransport. Det bør haldast folkerøysting for å avgjere om fylka skal slåast saman.

# KAPITTEL 2 – OPPVEKST OG UTDANNING

Senterpartiet tek på alvor at alle barn og unge lever livet sitt i ein sosial samanheng. Vi trur på forebygging og tidleg innsats for å forebyggje, redusere og rette opp sosiale problem og forskjellar på individ-, gruppe- og samfunnsnivået.

## **Barnehage**

Senterpartiet ønskjer eit breitt og mangfaldig tilbod av barnehagar over heile byen i ulike storleikar og med ulik profil. Vi vil at du skal ha høve til å velje ein barnehage nær deg. Barnehagane er ein viktig del av livet til barna, og vi må ha strenge krav til fagleg kompetente tilsette. Både barnehagelærarar og sosialfaglege medarbeidarar er viktige.

Barn treng gode og stabile vennemiljø, slik at dei får trygge nettverk og byggjer identitet og tilknytning til lokalmiljøet. Derfor må vi i størst mogleg grad sjå planlegging av skulekrinsar og opptak til skule og barnehage i samanheng.

### **Senterpartiet vil**

- innføre jamlege barnehageopptak
- redusere talet på barnehagar som driv på dispensasjon frå kravet om pedagogisk personale
- auke prosentdelen av sosialfagleg tilsette i barnehagane
- gå imot sal av kommunale barnehagar til kommersielle aktørar
- utvide bruken av gratis kjernetid
- ha fleksible opningstider som speglar den mangfaldige arbeidsmarknaden i Oslo

## **Aktivitetsskolen (AKS)**

Skulefritidsordninga, den såkalla aktivitetsskolen, blir ein stadig større del av sosialiseringarenaen til barna. Det er viktig at aktivitetsskolen ikkje er for dyr, slik at barn frå låginntektsfamiliar òg kan delta.

### **Senterpartiet vil**

- ha syskenmoderasjon på aktivitetsskolen for familiar med fleire barn
- gjere det lettare å få halvdagsplass ved aktivitetsskolen
- at leiarar i aktivitetsskolen må ha formell pedagogisk eller barnefagleg kompetanse
- arbeide for å auke talet på faglærte i aktivitetsskolen

## **Skule**

Den offentlege skulen skal vere det opplagde førstevalet for alle foreldre og ein naturleg møtestad for heile lokalsamfunnet. Oslo Senterparti vil at skulen skal gjere det mogleg for den enkelte å realisere evnene sine gjennom kunnskap og dugleikar. Skulen skal òg vere eit sosialt og kulturelt «lim» i lokalmiljøet. Skulegangen skal i tillegg til å gi fagleg kunnskap innehalde ei moralsk, sosial og etisk opplæring. Vi meiner fleirspråklegheit er ein ressurs og styrke. Derfor vil vi at Oslo-skulane skal tilby morsmålsundervisning.

### **Senterpartiet vil**

- betre skulebibliotektilbodet og betre samarbeidet mellom skulebiblioteka og dei kommunale biblioteka
- sikre ressursar til praktiske fag i skulen, som kunst og handverk, mat og helse
- tilby leksehjelp med kvalifisert pedagogisk personale på alle klassesteg
- få fleire ressurspersonar i skulen
- støtte opp om vidareutvikling av entreprenørskap i skulen

- tilby morsmålundervisning til alle som ikkje har norsk som morsmål, ikkje berre til dei som ikkje meistrar norsk
- gjere rørsle og uteaktivitet attraktivt gjennom gode uteareal på alle skular
- halde på sidemålsundervisninga i Oslo-skulen
- bygge eit lag rundt eleven – alle Oslo-skular skal ha sosialfagleg rådgivar, spesialpedagogisk rådgivar og tilfredsstillande helsesysterdekning
- leggje til rette for samarbeid mellom heim og skule ved å få i stand barnepass ved foreldremøte og aktiv bruk av tolkar
- sikre elevane i byen lærlingplass blant anna ved å auke tilskotet til bedrifter som tilset lærlingar

### **Prøveordning med frivillig bussing av elevar i grunnskulen**

Oslo er ein fleirkulturell by, og Oslo-skulen speglar det. Tal og statistikk viser at mange elevar med minoritetsbakgrunn har svake norskdugleikar og dermed behov for særskilt norskopplæring. Vi ønskjer å få på plass ei prøveordning med bussing av elevar. Det skal vere eit frivillig tilbod til dei elevane som vil ha nytte av å gå på ein skule med høgare prosentdel etnisk norske elevar. Vi meiner òg det er viktig med meir kontakt mellom storsamfunnet og minoritetar. Dette handlar ikkje berre om språklege dugleikar, men at ein blir kjend med kvarandre, lærer kvarandre sine sosiale kodar, skaper toleranse og viskar ut fordommar.

#### **Senterpartiet vil**

- innføre ei prøveordning med frivillig bussing av elevar som har svake norskdugleikar
- jobbe for mindre segregerte skular i Oslo

### **Barn og unge**

Det finst mange foreldre som ikkje har råd til å finansiere fritidsaktivitetane til barna. Det kan fort bli mykje pengar for ein familie med stram økonomi. Samtidig er deltaking i fritidsaktivitetar viktig for ikkje å falle utanfor sosialt. Vi ønskjer oss ein by der alle barn kan delta, uavhengig av økonomien til foreldra.

#### **Senterpartiet vil**

- at det skal vere gratis eller svært rimeleg å bruke skular, øvingshotell og idrettsanlegg for barn og unge
- gi meir finansiell støtte til frivillige organisasjonar som jobbar med barn og unge
- seie nei til nedlegging av fritidsklubbar og sikre langsiktige rammer for fritidsklubbane
- sikre universell utforming av alle fritidsarenaer i Oslo

### **Fritidsklubbar**

Fritidsklubbane i Oslo er ein viktig møteplass for barn og unge. Dei skal ha høve til å møtast i nærmiljøet og drive med aktivitetar på kveldstid. Fritidsklubbane kan vidare medverke til å styrkje samhaldet mellom barn og ungdommar.

#### **Senterpartiet vil**

- halde på og styrkje fritidsklubbane i bydelane
- hindre at unge trekkjer ut til sentrum
- gi barn og unge eit fullverdig fritidstilbod

## **Einslege mindreårige asylsøkjjarar**

Mange einslege mindreårige asylsøkjjarar forsvinn kvart år frå norske mottak, fleire av dei i Oslo. Mange hundre barn har forsvunne frå norske asylmottak berre sidan 2007. Ingen veit sikkert kvar dei er blitt av. Som barn har dei rettar som norske styresmakter må sikre. Det er grunn til å frykte at fleire kan vere ofre for menneskehandel.

### **Senterparti vil**

- intensivere innsatsen mot at einslege mindreårige asylsøkjjarar forsvinn frå mottak
- intensivere innsatsen for å finne og hjelpe einslege mindreårige asylsøkjjarar som har forsvunne



## KAPITTEL 3 – KULTUR OG IDRETT

### Kultur

Oslo Senterparti ønskjer å styrkje Oslo som kulturby. Vi vil skape tilhøyrslø og livsglede ved å prioritere dei lokale kulturtilboda. Vi ønskjer at kvar bydel skal ha eit eige kulturhus som er tilgjengeleg for befolkninga, og at lokala skal leigast ut rimeleg til lokale kulturorganisasjonar.

#### Senterpartiet vil

- auke driftsstøtta til lag, foreiningar, frivilligsentralar og idretts- og kulturgrupper
- gi alle bydelane bibliotek med fagpersonell og eit breitt medie- og kulturtilbod, auke løyvingane til Deichmanske og Det fleirkulturelle bibliotek
- at Nasjonalgalleriets historiske verdi som kulturberar og institusjon må respekterast og sikrast
- at Nasjonalgalleriet skal utgjere ein integrert del av Nasjonalmuseet og brukast til det formålet det er bygd for
- utvikle Vikingskipshuset på Bygdøy til eit opplevingssenter med nærleik til sjøen
- arbeide for ei tydelegare offentleg autorisasjonsordning for Oslo-guidar for å sikre at turistar og gjester får ein korrekt og profesjonell presentasjon av byen, og for å sikre gode kår for reiselivsnæringa i byen
- etablere ein kommunal frivilligportal med informasjon, elektroniske søknadsskjema og fristar der ein som borgar finn informasjon
- opprette ein koordinatorfunksjon for å skape eit betre samarbeid og hente ut moglege synergieffektar mellom kommune, næring og festivalaktørar

### Idrett

Idrettslaga er for mange ein av dei viktigaste møteplassane i lokalmiljøet og kjelder til fysisk aktivitet. Offentlege midlar til idrett er ei investering både i livsglede for den enkelte og i nærmiljøet til fellesskapet. Senterpartiet vil halde oppe eit mangfaldig idrettsliv blant anna gjennom utbygging av anlegg for alle typar idrett og utbygging av tilbod for den uorganiserte idretten. Symjeopplæring er viktig for å førebyggje drukningsulykker og for å kunne ha glede av dei mange stadene der ein kan bade og drive andre aktivitetar i Oslofjorden, langs elvane og i dei mange vatna i marka. Turløyper, turstiar langs fjorden, langs elvedraga og grøntareal, løkker, bakgardar og andre nærmiljøanlegg er ein viktig del av den heilskaplege idretts- og friluftslivspolitikken.

#### Senterpartiet vil

- sikre finansiering til idrettsforeiningar og -lag, for å leggje til rette for at alle som ønskjer det, kan drive idretten sin
- ha eit tettare samarbeid mellom skular og idrettslag, slik at vi får meir fysisk aktivitet i skuletida og utnyttar kapasiteten betre på dei anlegga vi har i dag
- sikre bydelane midlar til å byggje ut og drifte fleire idrettsanlegg
- etablere fleire uteområde og anlegg som er tilpassa aktivitetane til skatarar
- auke vedlikehaldsmidlane til idrettsanlegg kvart budsjettår i perioden
- ha eit mål om ein idrettspark i kvar bydel i den nye kommunedelplanen for anlegg, samlokalisert med skular eller barnehagar der det er mogleg
- sikre at det ved nybygging også blir bygd fleirbrukshallar i tilknytning til skulen
- auke tempoet i utviklinga av idrettsanlegg for innbyggjarane i Oslo
- gjenopne symjehallen på Manglerud og sikre symjeopplæring for alle elevar i Oslo

- realisere planane for bygging av skøytehall på Valle Hovin

## **Frivillig sektor**

Oslo Senterparti vil ha ein stor og mangfaldig frivillig sektor. Store delar av kultur- og organisasjonslivet blir halde oppe av frivillig arbeid. Frivillig innsats utfyller offentleg aktivitet og hindrar at kommersielle interesser overtek idrett og kulturliv. Vi vil at Oslo kommune skal inngå langsiktige avtalar med frivillige organisasjonar innan rusomsorg, eldreomsorg, rehabilitering og liknande arbeid.

Oslo Senterparti er bekymra for konsekvensane av **søndagsopne butikkar**. Frivillig sektor har auka i omfang i takt med at folk har fått meir fritid. Samtidig er søndagen den siste dagen då folk stort sett har fri samtidig, ettersom opningstida i butikkane er utvida på kvardagar. Det er ikkje lett å arrangere loppemarknad eller skirenn på dugnadsbasis når folk ikkje har fri på same tid; og korleis vil søndagsopne påverke frivillig sektor, friluftsliv, folkehelse og matprisar?

### **Senterpartiet vil**

- gå imot søndagsopne butikkar
- auke driftsstøtta til lag, foreiningar, frivilligsentralar og idretts- og kulturgrupper
- sikre framleis låg leige under marknadspris for frivillig sektor
- setje av større ressursar til sosialt arbeid i regi av ulike trussamfunn og styrkje det frivillige arbeidet og nettverksbygginga deira i lokalmiljøa for å byggje betre og meir integrerte lokalmiljø

## KAPITTEL 4 – EIT GRØNARE OSLO

Oslo treng meir kløver! Det skal vere lett å leve klimasmart i byen vår. Oslo skal vere eit førebilete for eit moderne klima- og miljøvennleg storbysamfunn. Vi vil ta nødvendige grep for at Oslo skal redusere klimautsleppa sine. Parkane i Oslo er viktige grøne lunger i ein by i stor vekst. Grøntareala er under sterkt nedbyggingspress, og vi vil sikre grøntområda for framtida gjennom å stoppe nedbygging av grøntareal. Oslo skal vere eit miljøvennleg samfunn der vi også tek vare på biomangfaldet og trua artar. Pollinerande insekt, som humler og bier, er heilt nødvendige for å halde oppe mangfaldet i Oslo-floraen, men står i fare for å forsvinne. Luftkvaliteten er til tider skadeleg, og støynivået er altfor høgt. Det er uakseptabelt at Oslo har langt større prosentdel av barn med astma enn resten av landet. Ein kvart million Oslo-borgarar blir kvart år utsette for helsefarlege konsentrasjonar av svevestøv.

Prinsippet om at forureinaren betaler, skal liggje til grunn.

### **Urbant landbruk og kortreist mat**

**Ein del av Oslos matvareberedskap.** Det er heilt sentralt at byar identifiserer veikskapar og moglege flaskehalsar for tilførsel av mat, og at Oslo etablerer fleire tilførselskanalar som sikrar innbyggjarane tilgang på nok, næringsrik mat der det er mogleg. Ein av desse kanalane kan vere byens eige areal og utsiktene dette gir for matproduksjon. Areal som er halde i hevd, vil kunne brukast til matproduksjon, og det vil òg komme til nytte i eventuelle krisesituasjonar. Kortreist og lokalprodusert mat kan òg produserast i Oslo, og Oslo Senterparti vil leggje til rette for auka matproduksjon i byen. Parsell- og kolonihagar, parkar og utnytting av eksisterande og nye bygg til matdyrking er eksempel på moglege løysingar for å auke landbruksproduksjonen i Oslo. Oslo Senterparti er partiet som vil halde på levande bygder i marka.

#### **Senterpartiet vil**

- redusere torgleiga kraftig og leggje til rette for enklare torgtilgang for lokalmatprodusentar i Oslo og omlandet, slik at befolkninga får lettare tilgang på kortreist mat
- leggje til rette for at lokalproduserte og økologiske varer blir meir tilgjengelege for innbyggjarane i byen
- leggje til rette for auka produksjon av grøn mat i Oslo gjennom framtidretta urbant landbruk

### **Klima og miljø**

#### **Senterpartiet vil**

- ha full stopp i nedbygginga av grøntareal og matjord i byen
- byggje fleire parsellhagar, skulehagar og kolonihagar
- avvikle den mellombelse barnehagen på Ola Narr snarast, og seinast i august 2016
- at Oslo kommune skal føre ein innkjøpspolitikk med tydelege krav på miljø, klima og sosialt rettferdige vilkår, både nasjonalt og internasjonalt
- initiere eit sterkare samarbeid mellom Oslo og andre europeiske storbyar for å finne felles løysingar på klima- og miljøproblem
- gjere alle nye kommunale bygg til lågenergibygg, og lage tilskotsordningar som gjer

det mogleg å oppgradere heimar, offentlege og private bygg til lågenergibygg med minimalt energiforbruk

- auke støtta til tiltak som reduserer energiforbruk, og som medverkar til bruk av meir miljøvennleg energi i bustader
- plante 1000 nye tre i indre by kvart år, og erstatte alle tre som blir felte, med nye
- sikre oppsamling og bortleing av regnvatn i sentrumsgatene
- prioritere tre, gras og friareal framfor asfalt og steinlegging der det er mogleg
- fremme biologisk mangfald gjennom å plante vekstar for pollinerande insekt i Slottsparken, på rådhusetaket og i resten av Oslo
- fjerne moms på reparasjon og gjenbruk av klede, sko og hushalds- og fritidsvarer

## Samferdsel

### Senterpartiet vil

- sørge for at alle nye bussar i Oslos kollektivtrafikk skal gå på miljøvennleg drivstoff produsert nasjonalt, som biogass og andregenerasjons biodrivstoff, som ikkje konkurrerer med matproduksjonen nasjonalt eller internasjonalt
- redusere bilbruken og auke prosentdelen av kollektivreiser i byen
- utvide tilbodet med avgang kvart femte minutt på fleire kollektivruter
- byggje sambandslinjer for trikken i Frederiks gate og Sporveisgata, og byggje trikkelinjer til Tonsenhagen og Hauketo innan 2019
- etablere fleire skinnegåande trafikklinjler frå Søndre Nordstrand
- få full framdrift på Ahusbanen og Fornebubanen
- prioritere ny T-banetunnel gjennom Oslo
- kjøpe inn nye trikkar som gir lågare støy, og fase ut Italia-trikkane
- byggje Fossumdiagonalen i tunnel mellom Trondheimsveien og Østre Aker vei så snart som råd
- framskande bygginga av Manglerudtunellen
- jobbe vidare med E6 i tunnel i delar av Groruddalen, blant anna ved å sjå på alternative finansieringsordningar
- utvikle tydelege planar for å minske problema med trafikk og snørydding under vanskelege vinterforhold
- bevare Ruter AS i kommunalt og fylkeskommunalt eige, og så snart som råd samle Ruter og dei 19 underliggjande selskapa i eitt føretak, for å sikre betre styring av kollektivtrafikken i Oslo
- gå lenger i å styrkje kollektivtrafikken framfor privatbilen enn det ein gjer i Oslopakke 3
- innføre rushtidsavgift i bomringen og greie ut om vegprising er mogleg
- innføre ei bilfri sone i Oslo innanfor ring 1 i sommarhalvåret som prøveordning. I første omgang skal enkelte gater stengjast for trafikk som ikkje er nyttetraffikk. Innan 5 år skal sona innanfor ring 1 vere permanent bilfri. Innan dei neste 15 åra skal sona innanfor ring 2 vere bilfri
- innføre fleire og hyppigare båtlinjer mellom Oslo og pendlarforstadene
- innføre losteneste i Indre Oslofjord og skjerp krav til cruisebåtar og utslepp
- gjennomføre bygginga av eit samanhengande sykkelvegnett i Oslo med eigne trasear for syklistar, slik at alle mjuke trafikantar er tryggare når dei ferdast i byen
- etablere fleire bysykkelstativ og ha betre merking for syklistar i rundkjøringar og betre

- merking av sykkelstiane
- lage fleire scooterparkeringsplassar i Oslo
- at det blir etablert eit sykkelhotell i tilknytning til Oslo S og Bussterminalen

## **Dyrevelferd**

God dyrevelferd er eit mål i seg sjølv og ei erkjenning av at dyrs eigenverdi er viktig. Det er dyrehaldaren som har ansvaret for dyrevelferda. Kunnskap er ein føresetnad for riktig handtering av dyr. Mattilsynet må ha tilstrekkeleg med ressursar til å drive god rådgiving og hyppig kontroll og ha eit målretta samarbeid med dyrehaldarar. I tillegg må politiet få nok ressursar til å handheve lov om dyrevelferd.

### **Oslo Senterparti vil**

- arbeide for ei ny merkeordning, tilsvarende krav i Sverige, som har strenge krav til dyrevelferd
- ha ei eiga gruppe i politiet med kompetanse på dyr og dyrevelferd

## KAPITTEL 5 – SENIORPOLITIKK

Eldre er enkeltmenneske med ulike haldningar, interesser og livssyn. Alderdommen er like individuell som resten av livet. Senterpartiet vil medverke til at den eldste generasjonen har betre helse i fleire år, kan delta meir i samfunnslivet og stå lenger i arbeid dersom den enkelte ønskjer det. Vi vil jobbe for solidaritet og aktivitet på tvers av generasjonar i dei ulike lokalmiljøa. Senterpartiet vil satse meir på førebygging, rehabilitering og sosial deltaking enn i dag.

### **Senterpartiet vil**

- samarbeide med bustadbyggjelaga for å bygge fleire bustader tilpassa eldre, leggje til rette for fleire bufellesskap og ta i bruk omsorgsteknologi
- gi tilskot til å installere heis i fleire eldre byggar der det bur mange eldre
- styrkje transporttilbodet for eldre som bur heime
- føre ein politikk for frivillig sektor som styrkjer aktivitets- og kulturtilbodet for eldre i lokalmiljøet
- gi Det sentrale eldrerådet forslagsrett overfor bystyret, og tilsvarande for eldreråda i bydelane overfor bydelsutvala
- tilby alle eldre ein kartleggingssamtale om den sosiale situasjonen, ressursane og behova som kvar enkelt har ved fylte 75 år
- sikre dagtilbod til personar med demens i alle bydelar
- tilby faste pleiarar i heimebaserte tenester, og medbestemming over innhaldet i eldreomsorga
- styrkje omsorgslønsordninga og gjere henne tilgjengeleg for fleire – her er det viktig med avlastningsordningar i samarbeid mellom kommunane, dei pårørande og brukarane sjølv
- satse på rehabilitering og tilpassa heimetenester

### **Eldreomsorg**

Heimeomsorga og sjukeheimsplassen skal vere der når du treng det. Omsorgsløysingane skal så langt som råd tilpassast deg og dine, ikkje kommunen, marknaden eller systema.

### **Eldre innvandrarar**

Mange eldre i innvandrarbefolkninga opplever einsemd. Det finst få tilbod i regi av det offentlege som kan aktivisere og sosialisere eldre innvandrarar. Der dei finst, har mange som kunne ha brukt dei, ikkje kjennskap til tilboda, eller dei kjenner seg usikre på korleis dei skal nytte desse tilboda.

### **Senterpartiet vil**

- gi meir støtte til dei innvandrarforeiningane som har ulike tilbod og aktivitetstiltak for eldre
- sørgje for møteplassar i lokalmiljøet, slik at eldre kan sosialisere og delta i ulike aktivitetar i nærmiljøet
- etablere ein informasjonskanal der eldre kan ta kontakt og få hjelp på sitt eige morsmål

### **Eldre lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT)**

I møte med heimetenester og andre tenester har eldre LHBT-personar valt å skjule legninga si av frykt for å bli møtt med fordommar. Eldre LHBT-personar har opplevd diskriminering, og Oslo Senterparti meiner at LHBT-personar ikkje må oppleve å bli tvinga inn i skapet igjen i møte med helsestellet og andre tenester.

### **Senterpartiet vil**

- gi helse- og omsorgspersonell i Oslo opplæring og etterutdanning i LHBT-spørsmål. Slik opplæring kan gjerne skje i samarbeid med relevante frivillige organisasjonar, som Landsforeningen for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner (LLH), som har kompetanse på dette

# KAPITTEL 6 – HELSE OG OMSORG – SOSIALFAGLEG SATSING NO!

Eit velfungerande kommunehelsestell er viktig for å møte behova for helsehjelp i befolkninga. Store delar av helseproblema vi opplever i dag, kunne vore unngått gjennom førebyggjande tiltak. Vi vil at pasienten skal få tilbod om behandling nærmast mogleg heimen og lokalsjukehuset sitt. Vi er derfor mot nedlegging av lokalsjukehus i Oslo. Ei ny organisering av sjukehusa må føre til at ein mindre del av ressursane blir brukte til administrasjon og ein større del til pasientretta verksemd.

## **Senterpartiet vil**

- styrkje helsestasjonane for barn under skulealder med auka bemanning av både helse- og sosialfagleg personell
- føre vidare helsestasjonen for LHBT-ungdom i byen
- sikre drift av DUS – Den uavhengige sosialrådgivinga
- utvikle helseføretaksmodellen i den noverande forma
- gjere avstanden mellom politikarane, pasientane og dei tilsette på sjukehusa mindre
- at pengane skal styrast mot pasientane
- fase inn ein rett for kommunalt tilsette til lønt permisjon knytt til omsorg for gamle og sjuke foreldre, tilsvarande ordninga med inntil ti dagar lønt permisjon årleg ved barns sjukdom
- auke bruken av omsorgslønn
- at alle heimebaserte tenester skal tilby brukarane faste pleiarar og medbestemming over innhaldet i eldreomsorga
- ha eit kvalitetsløft i alle sjukeheimane ved å satse på mat og kosthald, fysisk aktivitet, fleire aktivitets-, kultur- og musikkopplevingar og betre individuell kartlegging av interesser og vanar
- satse på små, lokale einingar i sjukeheimsomsorga og samtidig styrkje fagmiljøa
- motarbeide at store, kommersielle omsorgskonsern hentar ut overskotet frå offentleg finansierte eldreomsorg, og gjere det enklare for ideelle aktørar å drive sjukeheimar og tilby heimeomsorg
- stimulere lokalt gründerskap i delar av omsorgssektoren som er utanfor det offentleg finansierte tilbodet
- tilby eit betre og meir fleksibelt transportsystem til eldre og funksjonshemma
- ha fleire sosialfaglege koordinatorar i bydelane, for å sikre heilskapleg oppfølging av menneske og familiar med varige og/eller alvorlege helseutfordringar

## **Rusomsorg**

Alle rusavhengige har rett til eit verdig liv og den hjelpa dei treng. Det må vere enkelt å få hjelp, og hjelpa må vere tilgjengeleg når den rusavhengige sjølv treng det. Skal ein lykkast, trengs det toleranse, tid, nestekjærleik og respekt. Vi må ha gode behandlings- og rehabiliteringsopplegg utan avbrot og lange ventelister mellom avrusing, behandling og oppfølging. Ideelle organisasjonar som driv rusomsorg i byen, er veldig viktige, og desse tilboda må styrkjast.

## **Senterpartiet vil**



- at behandlingssinnsats innanfor spesialisthelsetenesta må følgjast opp av ettervern og tilbod om bustad, sysselsetjing, skulegang og nettverksbyggjande tiltak
- auke ressursbruken på lågterskeltiltak slik som feltpleiestasjonar og andre lågterskelhelsetilbod knytte til dagsenter, varmestover, sprøyterom og bustadtilbod
- gå inn for eit tidsavgrensa prøveprosjekt med heroinassistert behandling for dei hardast belasta narkomane, i kombinasjon med yrkestrening eller utdanning
- opprette eit kommunalt pårørandesenter for pårørande til rusmisbrukarar, med juridisk, medisinsk, sosialfagleg og psykologisk kompetanse
- sikre tilskota til Fransiskushjelpen, Kirkens Bymisjon og Frelsesarmeens tilbod: Jobben og Fyrlyset



# KAPITTEL 8 – DET DU TRENG, DER DU BUR

## Bustadbygging

Oslo er den kommunen i Noreg som har størst tilvekst. Det gir kommunen store utfordringar når det gjeld å skaffe moderne bustader med høg bu- og miljøstandard til ein rimeleg pris. Fleire unge vil flytte til Oslo, og fleire vil bu sentralt i hovudstaden.

### Senterpartiet vil

- redusere formuesnedskrivninga på sekundærbustader
- bruke plan- og bygningslova til å stille krav til utbyggjarar når det gjeld areal mellom husa
- omregulere ledige kontorbygg til bustadformål
- gjennomgå ledige areal som kan nyttast til bustadformål
- stille krav til utbyggjarar om at nye byggjeprojekt skal innehalde både bustader og plass til å drive næringsverksemd i liten skala, som frisørsalong, skreddar, sykkelverkstad og mindre butikkar
- at kommunen skal leggje betre til rette for auka bygging
- samarbeide med kooperasjonen for å få opp talet på kommunale bustader
- få i gang kjøp og bygging av kommunale bustader i alle bydelane, ikkje berre i austlege bydelar
- sørge for ei jamnare geografisk fordeling av sosialbustader, som no er konsentrerte på austkanten
- setje i gang opprustning av eksisterande kommunalbustader
- ha bemanna bustader for folk som treng det
- ha betre oppfølging av folk som bur i kommunale bustader
- avvikle hospits
- alltid vurdere om heile eller delar av lokala kan byggjast om til bustader for studentar eller unge i etableringsfasen når kommunen legg ned eller flyttar verksemd

## Trygge og rettferdige nærmiljø

Vi vil jobbe for å styrkje politiet i Oslo for at folk skal få eit tryggare nærmiljø. Vi meiner hovudstadsfunksjonane og dei lokale funksjonane til politiet må delast og synleggjerast. Dette inneber blant anna at vi, i samarbeid med staten, kan etablere fleire synlege, mobile politipostar i byen.

### Senterpartiet vil

- innføre lokale politiråd i alle bydelar
- etablere fleire synlege, mobile politipostar i byen
- intensivere innsatsen mot narkotikatrafikken
- styrkje frivillig arbeid som gir jobb og overnatting til tiggjarar og andre tilreisande frå EØS-området
- styrkje førebyggjande politiarbeid i samarbeid med andre kommunale instansar, som barnevern og liknande
- flytte drosjehaldeplassen frå C.J. Hambros plass

## Single og åleinebuande

Over halvparten av Oslos husstandar er personar som bur åleine. Av desse er 75 % kvinner. Kvinner er ifølgje SSB overrepresenterte på fattigdomsstatistikken for Oslo. Kostnadene for bustader er no så høge at mange av dei einslege ikkje har råd til å skaffe seg eigen bustad.

Senterpartiet ønskjer nye grep for å gi alle ein trygg heim utan omsyn til status. No betaler einslege dei same kommunale avgiftene til vatn, avløp og renovasjon som storfamiliane gjer. Fastavgifta på straum er òg den same for alle. I sum har åleinebuande høgare leviekostnader per person enn gjennomsnittet. Oslo kjem aller dårlegast ut her.

Oslo Senterparti vil

- innføre kommunale avgifter på vatn, avløp og renovasjon etter forbruk, ikkje etter bustadareal
- jobbe for eit eige skattefrådrag for åleinebuarar
- utarbeide ein handlingsplan som vil betre situasjonen for dei åleinebuande
- arbeide for å senke fastavgifta på straum for einpersonshushald

## KAPITTEL 9 – ARBEID OG NÆRINGSUTVIKLING

Vi vil leggje til rette for å skape fleire grøne arbeidsplassar i små og mellomstore bedrifter basert på gjenbruk, reparasjon og redusert forbruk. Oslo Senterparti vil satse på eit næringsliv som er inkluderande, blant anna gjennom å ta inn lærlingar, gi praksisplassar til menneske som av ulike grunnar ikkje kan stå i full jobb, og samarbeide med frivillig sektor for å skape eit meir humant arbeidsliv. Arbeid er ikkje berre økonomisk tryggleik for den enkelte, men det er ofte vegen til vellykka integrering. Vi veit at mange opplever å bli diskriminerte på arbeidsmarknaden på grunn av etnisitet eller religion, og vi vil jobbe for eit inkluderande arbeidsliv.

### **Senterpartiet vil**

- sørge for at Oslo kommune, som ein av landets største arbeidsgivarar, tek eit særskilt ansvar for likestillingsarbeid og antidiskrimineringsarbeid
  - jobbe for å inkludere alle dei som i dag er utanfor arbeidslivet
  - arbeide for redusert bruk av NPM-teknikkar i kommunale verksemder (NPM = *new public management*: bruk av måle- og rapporteringsmetodar som har opphav i det private næringslivet)
  - ha ein kommunal likelønnsrett som sikrar kvinner minst like god lønn som menn
  - sørge for at Oslo kommune legg til rette for heiltidsstillingar for dei som ønskjer det, med heiltid som ein rett og deltid som eit mogleg alternativ
  - setje av særskilte midlar for å få arbeidstakarar i Oslo kommune til å stå lenger i arbeid, for eksempel gjennom tilrettelagd arbeidstid og tilpassa eller nye arbeidsoppgåver
  - stille krav om tarifflønn, regulert arbeidstid og faste tilsetjingar i private barnehagar og ved offentlege kontraktar, og motverke sosial dumping gjennom å innføre prinsippet om solidarisk ansvar for kommunen som byggherre
  - stimulere til initiativ og skaparlyst i Oslo – la alle som har ein god idé og initiativ, møte opne dører og velvilje hos offentlege styresmakter
  - redusere det kommunale skjemaveldet og ha raskare saksbehandling for næringsdrivande
  - leige ut eigna kommunale lokale til under marknadspris til småbedrifter ved oppstart
  - ha næringskonsulentar i bydelane som skal gi gründerar praktiske råd og støtte
  - utvikle koplingar mellom kulturbasert næringsutvikling og reiseliv, for eksempel gjennom å leggje til rette for grøn bydelsturisme
  - tilby fleire sommarjobbar til elevar og studentar innanfor alle verksemder i Oslo kommune
  - etablere eit utdanningstilbod for personar som har ein annan språkbakgrunn enn norsk, slik at dei kan få godkjende kompetansebevis for utdanning frå heimlandet
  - jobbe for at fleire bedrifter tilset folk med innvandrarbakgrunn
  - sikre fleire kvalifiserte tilsette med innvandrarbakgrunn i høgare stillingar i kommunen
- premiere bedrifter som jobbar aktivt for ein mangfaldig og inkluderande arbeidsplass

## KAPITTEL 10 – NY GRORUDDALS-SATSING

Slik Groruddalen ligg til, «midt i skogen», er det eigentleg ei perle der folk trivst og blir verande. Dette er trass i den behandlinga den store befolkninga i dalen har fått i fleire tiår, med stadige tilbakeslag når det gjeld trafikk, miljø, støy og arealbruk. Senterpartiet drog i gang eit spleiselag mellom staten og Oslo kommune for byutvikling i Groruddalen då vi sat i regjering. Dette spleiselaget er blitt vatna ut av den blåblå regjeringa. Oslo Senterpartiet vil ta nye grep for ei vidareført og forsterka Groruddals-satsing.

Vi vil ha slutt på at nær sagt alle prosjekt og anlegg som skaper meir trafikk, støy og miljøskadar hamnar i Groruddalen. Groruddølene fortener betre. Groruddals-satsinga blir symbolpolitikk og enkeltprosjekt om vi ikkje vågar å ta nokre gjennomgripande val og sjå på dalen som ein heilskap – eit av Noregs største buområde, som må få fri frå kampen mot forureining og arealtjuveri.

### **Senterpartiet vil**

- leggje ned Huken pukk- og asfaltverk straks
- sjå på om det er mogleg å flytte, ikkje utvide, Alnaterminalen
- få mykje meir av Alnaelva ut av rør og opp i dagen
- byggje Fossumdiagonalen
- ikkje røre markagrensa, og la Ravnkollen bli verande eit uutbygd rekreasjonsområde
- vidareføre og forsterke Groruddals-satsinga

Slike store grep må til for å betre bumiljøet skikkeleg og for å sikre at groruddølene framleis har lyst til å vere groruddølar.